



O DEN NORSKE KYRKJA

Mo sokn

Rådmannen i Modalen kommune
Her.

26. september 2014

Søknad om tilskot til drift av Mo Sokn for 2015.

Mo Fellesråd gjorde i møte 25. september, sak F 14/2014 slikt samrøystes vedtak:

1. Mo Fellesråd godkjenner framlagde budsjett for 2015 som viser ein samla kostnad på kr. 1.202.200,- og inntekt frå eiga verksemd på kr. 127.500,-.
2. For å få budsjettet i balanse, søker Mo Fellesråd Modalen kommune om eit tilskot for 2015 på kr. 1.074.700,-.
3. Fellesrådsleiar og kyrkjeverge får i felleskap fullmakt til å gjera eventuelle naudsynnte justeringar i budsjettet når tilskotet for 2015 er fastsett.

Kyrkjeverga sine kommentarar til budsjettet:

Lønspostane er auka med 2%, med unntak av løn til stell av kyrkjegardane. Her er no Sigmund Vikane inne på timeløn og utfører førefallande arbeid som stell av tre og prydbusker, gjødsling, såing og vatning der det trengst, fjernar overskytande masse på nye graver samt utfører mindre vedlikehald på kyrkja og gravkapell. I haust skal ein del av takrennene skiftast ut.

I sak F 8/2014 Seniorpolitiske retningsliner for Mo sokn, vedtok Fellesrådet å fylgja Modalen kommune sine retningsliner. Samla kostnad kr. 22.500,-.

Andre utg. er budsjettert på same nivå som i fjor der det ikkje er kjende grunnar til noko anna.

Elles er mange av postane kommentert på budsjettarket.

Med helsing

Harald Farestveit
Kyrkjeverge Mo Sokn